



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Seksjon forvaltning

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Torill Slåke</b>	<b>98298302</b>	<b>2019/145-5</b>	<b>«REF»</b>	<b>03.09.2019</b>

## Igangsetjingsløyve - eitt-trinnssøknad – delegert vedtak

Tiltak:	Nye bygg og anlegg – tomannsbustad - 121
Gnr/bnr:	123/411
Byggestad/adresse:	Ospelunden, 5463 USKEDALEN
Tiltakshavar:	Ospelunden AS, Ospelunden 16, 5463 Uskedalen
Ansvarleg søkjar:	Kvinnherad Bygg AS, Seimsvegen 140, 5472 Seimsfoss
Matrikkel:	BYA: 318 m <sup>2</sup> - Pr. bustad BTA: H01 78m <sup>2</sup> /U01 69 m <sup>2</sup> BRA: H01 71 m <sup>2</sup> /U01 62m <sup>2</sup>

### Delegert vedtaksnr.: 2019/399

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 10.01.2019 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF og uavhengig kontroll.

- Kvinnherad Bygg AS
- Ersland Forskaling AS
- Brødrene Musland Maskin AS (tiltaksk.l 2)
- Uskedalen Røyr og Multiservice AS
- Kvinnherad kommune- oppmåling
- Byggmester Kjell Lutro (uavh. kontroll)

### Vilkår:

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Sjå vilkår i tilknytingsløyve frå kommunalteknikk, datert 28.03.2019 .

### **Tiltaket kan igangsetjast straks.**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### **Grunnlag for løyvet**

Dispensasjon: Delegert dispensasjon dat. 20.06.2019 – vedtaksnr 2019/294:

*Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2 vert det gjev dispensasjon frå utnyttingsgrad på 30 % i Reguleringsplan for Ospelunden Bustadfelt, Uskedalen vedteken 17.06.2004, og mindre endring frå den 14.11.2012, slik at utnyttingsgrada på tomta blir auka til 36 % BYA og etablering av carport /garasje inntil 40 m<sup>2</sup> kan tillatast med maks.-avstand 0,5 m frå eigedomsgrense (pbl § 29-4). Dette godkjennast i samsvar med søknaden. Eigedomen er regulert til «frittliggjande småhusbusetnad» i reguleringsplan, og tiltaket er elles i tråd med føresegene. Ut frå ei samla vurdering finn ein at omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna til føremåla i lova ikkje vert vesentleg sett til side.*

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav . Naboerklæring frå Ospelunden grunneigarlag 123/410, 375 ligg føre.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndar.

### **Merknader**

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Torill Slåke  
Sakshandsamar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningskomiteen

Matrikkelen

Sektor for teknikk og miljø